



## Notat

Dato: 24.08.2016  
Arkivsak: 2015/11453-46  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Endring av forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgare utdanning og fagskuleutdanning (studiekvalitetsforskrifta.)**

Kunnskapsdepartementet melder om endringar i studiekvalitetsforskrifta i brev av 24.06.2016. Endringane i forskrifta vil tre i kraft ved årsskiftet 2016/2017, og NOKUT vil samtidig gje utfyllande føresegner til universitets- og høgskulelova og studiekvalitetsforskrifta. For fagskulane inneber endringane mellom anna at ein tilbydar automatisk misser ei godkjenning av ei fagskuleutdanning dersom det ikkje har blitt teke opp studentar, eller går studentar, ved denne utdanninga i løpet av tre år.

Tilbodet *Akvakultur* ved Bergen tekniske fagskole starta sist opp med studentar vinteren 2011, og studentane gjekk ut til sommaren 2014. I høve endringane i studiekvalitetsforskrifta kan godkjenninga av dette tilbudet falle bort i 2017.

Tilboda *Datateknikk* og *Elektronikk* ved Bergen tekniske fagskole har ikkje vore aktive på svært mange år, og godkjenninga vil falle bort. Tilboda har ikkje starta opp av di dei ikkje er etterspurt i næringa.

Tilbodet *Livsstils- og kroniske sjukdommar* ved Hordaland helsefagskole vart godkjent av NOKUT 28.06.2013 og har ikkje hatt opptak av studentar. Det er derfor forventa at dette tilbudet vil falle bort når endringane i studiekvalitetsforskrifta trer i kraft.

Under følgjer dokumenta *Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning*, samt *Merknader til forskrifta*.